



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Tonje Nepstad

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
15/202530-9

Dykkar referanse:

Vår dato:  
07.10.2016

### Svar – Ber om ny vurdering av motsegn – Mangerøy industriområde Kjebogen – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til e-post mottatt 07.10.2016. Radøy kommune kjem her med utfyllande opplysningar om planprosessen til reguleringsplan for Mangerøy industriområde, Kjebogen i Radøy kommune.

Innleiingsvis meiner også vi det er beklageleg at det ikkje har vore vidare dialog med Radøy kommune slik det var avtalt i dialogmøtet hos Fylkesmannen 20.01.2016. I etterkant av dialogmøtet vart vi kontakta av ordførar og vi sette av møtetid saman med kommunen. Dette møtet vart dessverre avlyst frå kommunen si side i e-post av 29. februar 2016.

Statens vegvesen har vurdert dei siste opplysningane. Vi meiner framleis at planframlegget ikkje tek i vare våre interesser i tilstrekkeleg grad. Dersom vi skal trekkje vår motsegn til planen er det eit krav frå vår side at det vert utarbeida føresegner som omhandlar følgjande:

- 1) Det skal utarbeidast reguleringsplan for Fv. 410 og frå planområdet på Kjebogen som koplar seg på eksisterande reguleringsplan for Langhøyane. Føremålet er å regulere tilbod til mjuke trafikantar. Arbeidet med ny reguleringsplan skal vere ferdig før det vert gjeve ferdigattest innan B11.
- 2) Gjennomføring av ny vegplan skal vere knytt til tiltak i område B12.

Vi ber Radøy kommune kome tilbake med framlegg til forpliktande føresegner som kjem i møte desse punkta før planen vert ferdigbehandla i kommunen.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN